



Øystre Slidre kommune

STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

ROBMÅL - 20/6104

033, &17

15.06.2020

Protokoll frå møte i eldrerådet 2.juni 2020

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde og Morten Steinsrud

Andre: Målfrid Robøle (sekretær)

- Sak 16/20 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak:
Samrøystes godkjendt
- Sak 17/20 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 25.05.2020
Astrid Lunde og Gudbrand Dahle underteikna protokollen
Vedtak:
Samrøystes godkjendt
- Sak 18/20 Sansehagen ved sjukeheimen
Vedtak:
Eldrådet ber kommunestyret finne ei løysing for ansvar og oppgradering av sansehagen ved sjukeheimen
Samrøystes godkjendt
- Sak 19/20 Trafikktilhøva kring det nye Helsetunet
Hans Kristian Syversen orienterte med desse momenta:
-Ny felles innkjøring til Coop og Helsetunet
-Coop utvidar med 15m mot fjorden og 3m mot fysioterapien
-Beredskapsveg på nedsida av Helsetunet
-Er i forhandlingar med Coop om fellesareal
- Sak 20/20 Orientering av kommunalsjef for helse og omsorg -Steinar Nybråten:

*Tema: Tilhøva på sjukeheimen under koronapandemien:

Sentralbord:
61 35 25 00

Dir. telefon:
61352500

Org.nr:
961382068

E-mail:
malfrid.robale@oystre-
slidre.kommune.no

Heimeside:
www.oystre-slidre.kommune.no

Moment: -Koronapandemien. Mange i karantene
 -Brukte beredskapsplanen, og ba om frivillige
 -Rundt 50 frivillige melde seg
 -Mykje jobb
 -Kursa personal og frivillige
 -Av Valdreskommunane hadde berre Etnedal og Nord Aurdal
 tilfelle av smitte
 -Utfordring med tilgang på smittevernutstyr

*Tema: Orienterte litt om innhaldet i nye Helsetunet,-moment :
-personal delt inn i ansvarsgrupper
-overgang frå deltid til heltid

*Tema:Orientering om testamentarisk gåve frå Øystein Grønolen sitt dødsbu:
Steinar orienterte om gåva og at advokat Dahle som er bubestyrer ser for seg
at bruken av midlane bør drøftast med o.a. eldrerådet.
Gåva er på kr 7 670 000,- og det er avsett kr 5 500 000,- i årsbudsjettet for
2020 til bruk til o.a. sansehage, utsmykking og ekstra inventar i helsetunet.
Det står då att kr 2 220 000,- som ikkje er avsett til noko formål.
Administrasjonen ynskjer å få råd om bruken av gåva i si heilhet frå
eldrerådet. Eldrerådet var samde i dette, og det blei bestemt at
administrasjonen kallar inn til møte i god tid før det skal brukast av fondet, slik
at ein får drøfta bruken av pengane.
Eldrerådet meinte og at dei burde vore rådført før det vart avsett 5 500' i
økonomiplana. Steinar var ikkje usamd i dette, og peika på at det blir viktig no
å få etablert ein god samhandlingsprosess vidare når det gjeld disponering av
gåva.

Orientering av kommunalsjef for opplæring og kultur-Rolf Stalenet:

Tema: Om digital kompetanse for eldre

Moment: -om lag 40 eldre har deltake på opplæring
 -6 frivillige instruktørar . Med ein prosjektleiar
 -Startar med nytt kurs til no til hausten
 -Teams er mellom anna tema som vert belyst

Sak 21/20 Møteplan for 2.halvår 2020

Vedtak:

11.august Kl:10.00-12.00

2.september Kl:10.00-12.00

20.oktober Kl:10.00-12.00

3.november Kl:10.00-12.00

Samrøystes godkjendt

*Orientering: Kari Onstad kulturskulerektor og kultursjef informerte litt om den kulturelle spaserstokken. Moment:

- Den kulturelle spaserstokken gjeld for heile Norge
- Skal sikre gode profesjonelle og kulturelle opplevelsar for eldre
- Tilskoot frå stat til fylke, som igjen fordeler til kommunane etter antal eldre
- Målgruppen er eldre og psykisk sjuke

Med helsing

Målfrid Robøle
Sekretær